



NVE Region vest
Naustdalsvegen 1b
6800 FØRDE

Uttale frå Voss kommune

Vedlagt følger uttale til arbeid med å utarbeide ei nasjonal ramme for vinkraft på land frå utval for formannskap/plan og økonomi.

Med helsing
Voss kommune
Dokumentsenteret

Målfrid Sivertsen
Politisk sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:
Vedtak FPL, 13092018, Sak 11/18, Informasjon til møte 13.09.2018





SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 15/02796
Arkivkode
Sakshandsamar Lilly Farestveit

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Utval for formannskap/plan og økonomi	13.09.2018	11/18

Informasjon til møte 13.09.2018

Utval for formannskap/plan og økonomi har behandlet saken i møte 13.09.2018 sak 11/18

Møtebehandling

FPL var samde i notatet frå administrasjonen om å fortsetja etter alternativ 1 (Kommunalt kjøkken og omsorgsbustader).

Spørsmål frå repr. I. Schau Johansen vedk. trafikktryggleik ved kulturhuset. Ordføraren svara at det er utbyggjar sitt ansvar, men kommunen kan senda oppmoding til utbyggjar.


Spørsmål frå repr. S. Klyve vedk. høyring om utbygging av vindkraft. Ordføraren la fram eit notat med uttale. FPL gjorde ei endring (avsnitt 2 i sone 18 går ut) og sa seg så samd i uttalen.


Votering

Uttale

Uttale til arbeid med å utarbeide ei nasjonal ramme for vindkraft på land

Olje- og energidepartementet har gjeve NVE i oppdrag å lage eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE har opna opp for lokale innspel om viktige regionale interesser i forbindelse med det pågående arbeidet. Store deler av fjellareala Voss kommune fell innanfor 2 av analyseområda (jf. kart). Utvida frist for innspel til NVE er **20 sep.**





Sone 18

Her ligg «Stølsheimen landskapsvernområde», og analyseområdet grensar og inn mot verdsarvområdet «Vestnorsk Fjordlandskap». Begge desse områda har høge landskap- og naturkvalitetar med store friluftsiinteresser. I dette området har vi og ei viktig villreinstamme (Fjellheimen villreinområde). Dette tilseier at området bør vera uaktuelt for utbygging av vindkraft.

Sone 17

Området omfattar m.a. Hamlagø, Gråsida og deler av Bordalsfjella mot Kvanndal. Gråsida er eit viktig friluftsområde der dei viktigaste tilkomstane er frå Hjelle og Hamlagrå /Torfinnsvatnet. Tilsvarande er dei viste områda i Bordalsfjella viktige friluftsområde i Voss kommune. I dei den sørlege delen av Gråsida (i Kvam kommune) er det tidlegare gjennomført ei relativt omfattande vasskraftutbygging (Bjølsegrø).

Uttale

Voss kommune viser til vår omtale av sone 17 og 18 og ber om at det i det vidare arbeidet vert teke omsyn til dei momenta som det her er peika på.